

**Kulturdepartementet**

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 11.04.2012

Vår ref: 2012/1119 - 5636/2012 / C34

Dykkar ref: Herdis Elin Belsvik

**Høyring - Utkast til endringar i forskrift om film og videogram**

Stord kommune eig og driv ein kino med to salar i Stord Kulturhus.


Kommunane har ansvar for kinodrift og staten for filmproduksjon. Slik bør det vera. Staten bør styrkja filmproduksjonen og særleg produksjon av barnefilm, men dette må ikkje gå ut over ei vidare utviklinga av dei norske kinoane.

Kommunen er noko uroa over korleis departementet no ønskjer å definera primeroppgåvene til Film&Kino. Dei oppgåvene og finansieringsplikter som er overført frå Norsk Filminstitutt (NFI) til Film &Kino (Cinematteknikk m.m.) må tilbake til NFI. Inntektene til Film&Kino er reduserte og vil truleg vera vesentleg lågare enn tidlegare. Kinoane opplever større gard av konkurranse frå både nett og TV kanalar. Det er lagt ned betydelege summar, både frå Film&Kino og frå dei einskilde kinoar / kommunar i samband med digitaliseringa. Det vil difor vera svært viktig at Film&Kino også i framtida vert sett i stand til å vera ein sentral aktør i høve til kinoane.

Nokre av dei oppgåvene departementet no vil leggja over til Film & Kino vil bandlegga store ressursar. Korleis vil det då gå med midlar til lokale kinotiltak eller til nasjonale kampanjar?

Fondsmidlane bør i størst mogeleg grad gå tilbake til bransjen og nyttast til utvikling av film- og kinotiltak.

Med helsing Stord kommune



Liv Kari Eskeland  
Ordfører



Magnus Mjør  
Rådmann